



Elevrådsposten #4.08

Informasjonsbrev frå Elevrådet ved Oslo katedralskole

Elevrådsposten
*Informasjonsbrev frå
Elevrådet ved Oslo
katedralskole.*

Ansvarleg redaktør:
Abi Saha Banik, 2B.
Redaktør:
Stian Seland, 2B.
Redaksjonssekretær:
Elise Flåten Øygaren, 1B.
Redaksjonsråd:
Max Eckbo Hallquist, 2D.
Kristian Weibye, 2B.

Elevrådsstyret 2008

Elevrådsleiar:
Abi Saha Banik, 2B.
Nestleiar:
Marit Dahl Hjort, 1E.
Økonomiansvarleg:
Armin Khoshnewizadeh, 1E.
Undervisningsansvarleg:
Emil Stokkeland, 2E.
Rettsansvarleg:
Katrine Øverlie Sveta, 2C.
Miljøansvarleg:
Ragnhild Skaugen, 2C.
Informasjonsansvarleg:
Stian Seland, 2B.
Sekretærar:
Elise Flåten Øygaren, 1B.
Katinka Tobiasson, 1E.

Driftsstyregruppa

Driftsstyrerepresentantar:
Agnes Lindberg, 3B.
Trygve Ræder, 3E.
Vararepresentantar (rangert):
1. **Abi Saha Banik**, 2B.
2. **Kristin Hylland**, 2D.
3. **Caroline Rostrup**, 1F.

Kontakt

Nett: www.kattaelev.com
E-post: post@kattaelev.com

No er streiken over, men:
Sumaren er her!



NO HAR SOLA KOMME: Rett før sumaren er mange av elevane på Katta å sjå i Remaparken, her representert med elevar frå klasse 2B.

I Elevrådsposten #4.08 kan du lese om:

- Kva skal elevrådsstyret jobbe med neste år?
- Rutine for evaluering av læremiddel
- Nettsidene til Elevrådet
- Informasjonsnøtta
- Premieutdeling

Leiarteig: Eit halvt år ha gått

Det tok si tid. No er me fri.

I alle fall nesten, det er ikkje mange dagane igjen til det er sumarferie. At sumaren kjem betyr at det er eit halvt år sidan det sitjande Elevrådsstyret vart valt og at det er eit halvt år igjen til styret går av. Elevrådet har sidan jol fått utretta mykje: Midtvegsvurderingar, nye nettsider, rettsportal, kontaktelevordning, rettsaksjon og nyhendebrev berre for å nemne noko. Styret er stolt over alt me har fått til saman. Til hausten er det eit heilt nytt elevråd som me i styret skal arbeide for. Det vil bestå av gamle travarar og nye elevar. Me gler oss til samarbeidet og utfordringane som kjem. God sumar!

Stian Seland, informasjonsansvarleg.

Skjera:

Styret er langt i fra ferdig!

Tekst: Elise Flåten Øygaren

Dette skal elevrådsstyret jobbe med høsten 2008:

- **Elevmedvirkning:** Elevrådet skal jobbe for at elevene får delta aktivt i sin egen skolehverdag. De skal selv være med på å bestemme kilder og tekster. Elevrådsstyret skal skolere alle tillitsvalgte, og de skal få "tillitsvalgt-mappen" med basisinformasjon om elevrådsarbeid. Kontaktelevordningen skal også prøves ut.
- **Leksehjelp:** Elevrådet vil jobbe for leksehjelp, nå også for tredjeklassene.
- **Psykiske og fysiske forhold:** Elevrådet skal gi ut apparater til å måle temperaturen og luftkvaliteten i alle klasserom.
- **Representasjon:** Rettighetsansvarlig skal informere førsteklasse om deres grunnleggende rettigheter. Elevrådet skal presentere seg for hele skolen, samt jobbe for at alle elevlagene skal bli introdusert i begynnelsen av skoleåret.
- **Kose-prosjekter:** Fadderordningen går som vanlig, men med forbedringer! Det skal holdes kontakt mellom fadderklassene. Dessuten skal hemmelig venn bli gjennomført.

Elevrådsposten oppsummerer:

Streiken er over

Elevrådsposten gir deg kortversjonen av streiken og konsekvensane av han.

- Streiken for lærarane på Katta varte frå 30. mai kl. 06:00 til fredag 6. juni kl. 06:00
- Måndag til fredag mellom 08:00 og 15:00 sat det streikevaktar utanfor skuleporten
- Skriftleg eksamen gjekk som planlagt, områdedirektør Bjørn Croff fungerte som rektor måndag 2. juni
- Informasjonsutvalet kom med eit ekstranummer av nyhendebrevet (Streikeposten)
- Munnleg eksamen for alle trinn vart avlyst, eksamen i form og farge gjekk som planlagt
- Lærarane i Oslo fekk ikkje meir lønn, men forsikringar om god lønnsutvikling
- Førre gong det ikkje vart gjennomført eksamen pga. streik vart dette skrive på vitnemålet
- Informasjonsutvalet produserte ein video (Streikekjøkkenet) som ligg på YouTube
- Mange lærarar meiner at streiken vart avblåst alt for tidleg

Til alle 2. klassingar:

Likar du bøkene dine?

Elevar på Vg2 fekk i år låne lærebøker av skulen, akkurat som me gjorde i grunnskulen.

Neste år får i tillegg Vg3 gratis lærebøker og året etter der igjen får alle trinn. Fordelen med denne ordninga er at det ikkje kostar deg noko å vere elev i vidaregåande opplæring. Ulempa er at høvet til å kunne velje kva for bøker ein skal nytte er mykje mindre. Elevrådet vedtok på årsmøtet sitt å innføre ein rutine for evaluering av lære middel.

På Fronter

Elevrådsstyret har no laga eit evalueringsskjema for læremiddel retta mot alle elevar på Vg2. Samstundes følgjer styret opp punktet i arbeidsprogrammet om å bruke Fronter meir aktivt. Evalueringsskjemaet er difor

sjølv sagt på Fronter og du kan svare på det heilt fram til fredag 25. juni.

Anbefalingar

I skjemaet gir du lærebøkene du har ein karakter på ei skala frå 1 til 5. I tillegg kan du kome med kommentarar på bøkene og andre læremiddel klassen din nyttar i undervisinga. Neste gong skulen skal kjøpe inn bøker til Vg2 vil Elevrådet kunne kome me anbefalingar om kva for bøker elevane meiner er bra og kva for bøker som ikkje bør kjøpast inn.

Og du? Ikkje gløym å levere bøkene dine (men ikkje norsk og historie) i tide.

Klassen kvar flest elevar svarar får ei kake av informasjonsutvalet!

Noregs mest vitja elevrådssider!***

Det har vore mykje blest om rettsportalen til Elevrådet og om nyhendebrevet Elevrådsposten, men nettsidene har det ikkje vore mykje snakk om.

Kattaelev.com

Non scholae sed vitae discimus

Elevrådet oppretta i fjor eigne nettsider, med adressen www.kattaelev.com. Nettsidene sett i desse dagar ny rekord i talet på vitjingar i løpet av ein månad, med godt over 1000 sidevisingar i juni. Saka om streiken vart lese av nesten 200 menneske og videoen Streikekjøkkenet vart sett av over 100. Like mange lasta ned Streikeposten.

Kattaelev.com, her er eit lite utval av kva folk har søkt på for å kome dit:

- julia kagge
- "sverre olav trovik"
- +forsentkomming +parade
- tentamen matematikk oslo katedralskole
- norsktentamen 2008 norske trafikk
- kjemi 2 heldagsprøver 2007 oppgavene
- "logo konkurranse"
- pluss namna til nokre spesielle tillitsvalde

Søk deg fram

Det er mange måtar å kome seg til nettsidene, men den enklaste er sjølv sagt å skrive www.kattaelev.com i adressefeltet til nettlesaren din, elles kan du søkje på Google. Det er sær mange søkeord som sender deg til

***= Mest vitja blogg på wordpress.com, nynorsk del, ein dag.



Kva har Stian pønska ut i dag?

Tekst: Stian Seland

Informasjonsnøtta!

Dersom siste skuledag er fredag 20. juni og fyrste skuledag er måndag 18. august: Kor mange dagar må du gå utan Elevrådsposten?

Svaret saman med forslag til premie kan du sende inn til post@kattaelev.com.

Svarar du på konkurransane?

Tekst: Stian Seland

Ken vann twist til heile klassen!

I kvart nummer av Elevrådsposten er det ein konkurranse og ei nøtt. Saman med svaret sender ein inn eit forslag til premie. Ken Xin Li i 1E svara riktig på "Finn 5 feil" i førre nummer og foreslo twist til klassen som premie. Elevrådsposten gratulerer!



Elevrådslærar Abi overrekkjer premien til Ken i 1E.



Når nettene vert (for) lange:

Elevrådsposten tek sjølvkritikk

I førre nummer (Streikeposten) trykka me utdrag av ei pressemelding med sitat frå elevrådsleiar Abi Saha Banik vedrørande den pågåande arbeidskonflikten i Oslo kommune. I ettertid har me vorte oppmerksame på at nokon av sitata ikkje var heilt i tråd med vedtaket til Elevrådet i saka. Redaksjonen beklagar og vonar å unngå slike feil i framtida.

Baksida

Spennande info om Elevrådet
og mykje moro
finn du berre på:

www.kattaelev.com

(t.o.m. om sumaren!)

Elevrådsstyret ynskjer alle elevar
og lærarar ein god sumarferie!

Me sjåast til hausten!